



Skjortefodno er ei markert landskapsform i Eikedalen.

**Snøen kom seint i år og den markerte og tydlege Skjortefodno i Eikedalen let venta på seg, men frå februar har fodno vore på plass. Dersom Skjortefodno var stor, sa dei gamle på Eik: Ho er dryge Skjortefodno i år. Det varme veret den siste veka med stor snøsmelting har ført til at fennene rundt Uskedalen minkar dag for dag.**

I botnane i Geitadalen, Kjolkeredalen og Øktardalen ligg det fenner. Botnane er forseinkingar i fjellveggen. Her har breen erodert og skapt ein botn. På slike plassar ligg det snø, ofte heile året. Såtedalen på Englafjell er ein slik botn. Her kan det også vera ei fonn heile året. I Botnane under Tverrfjell ligg snøen lenge.

Den mest kjende snøfonna i Uskedalen er Snøgåsa under Geitadalstind. I Limomnen under toppen på Englafjell ligg det også snøfonn.



[Ei av dei mange botnabreane i Ulvanoso.](#)

Rett namnebruk er viktig sjølv om fantasien og folketradisjonen gjer at namna kan variera frå kor bu bur og ser landskapsformene i Uskedalen. Redaksjonen er takksam for tilbakemeldingar om namnebruken.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs / Kristian Bringedal